

Tverrfagleg samarbeid rundt enkeltbrukarar

Det sentrale spørsmålet er korleis VI kan hjelpe brukar på ein best mogeleg måte. For å gi eit koordinert og heilskapleg tilbod er det i samansette saker behov for tverrfagleg samarbeid. Grunnleggande verdiar er livskvalitet, respekt og brukarmedverknad. Korleis vi møter brukar og kvarandre har mykje å bety for korleis samarbeid og tilbod blir.

- Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til ein Individuell plan og ein koordinator. Ein IP er eit samarbeidsverktøy og ein prosess. Alle tilsette i Luster kommune har ansvar for å initiere Individuell plan ved å melde til Koordinerande eining (KE) v/Konsulent for funksjonshemma. Einingsleiar har ansvar for at dette vert gjennomført.
(Prosedyre for Individuell Plan ligg i LKK)
- Inn i ordninga med Individuell Plan ligg også ein rett til ein ansvarleg tenesteytar – ein koordinator. Denne rolla er profesjonsnøytral.

Samhandlingsgruppa/Koordinerande eining (KE) ved Konsulent for funksjonshemma har ansvar for oppnemning, oppfølging og rettleiing av koordinatorar i Luster kommune.